

02/25. Referat frå møte i Strandebarm sokneråd.

Stad: Kyrkjelydshuset

Tid: Torsdag 20.02.25 **Kl. 19.00-21.00**

Desse møtte: Helena de Groen, Vetle Karlsen Eide, Margun M. Tordal, Renate B. Nernes, Lillian H. Fosse, Kjell Hoff, Jorunn B. Lillefosse

Forfall: Tor-Håkon Berge.

Opningsord v/Helena. 2.Mosebok 34, 27-35. Moses kjem ned frå Sinaifjellet, og ansiktet hans er forklåra.

SAKLISTE:

09/25 **Godkjenning av innkalling og møtereferat.**

Vedtak: Innkalling og møtereferat vert godkjente, men med merknad om at sakslista i dag byrjar på sak 09 og ikkje 01.

10/25. **Meldingar.**

- . Vetle kom først med merknad om at me treng ikkje revurdera Trusopplæringsplanen vår, slik han hadde trudd. Dei endringane me vil ha, kan me leggja inn i den digitale planen «Kirka vår». Trusopplæringa gjeld frå fødsel til død. Me kasta fram ein del aktivitetar som kunne vera aktuelle å få med i trusopplæringsplanen.
- . Orgelnemnda hadde møte 14.02.25 og har formulert innhald til ein informasjonsfaldar om innsamling av pengar til orgelvøle. Denne kjem ut til våren. Pressa vil også bli kontakta for å få blest om saka. Nemnda har som mål å samla inn 1,1 mill kr. Til september -25 og vender seg til gjevarar i, og utanfor Strandebarm. Målet er å ha ferdigrestaurert orgel til kyrkjejubileet i -26.
- . Fekk opplyst frå kyrkjekontoret at det var lurt å vera ute i god tid med invitasjoner til kyrkjejubileet. Biskop Ragnhild Jepsen i Bjørgvin bispedømme, og prost i Hardanger og Voss prosti, Arild Hellesøy, er allereie inviterte til jubileet.
- . Notat om restaureringa av Strandebarm kyrkje vart lagt fram. Det er venta oppstart i mars 2025.
- . Måling i kyrkja. Stort dognadsarbeid. Kristian Neteland, i lag med leiar, var påsynfaring i kyrkja vår for å sjå kva som må gjerast av arbeid for å få den til å sjå fin ut. Det er stort behov for måling av: Nordvegg, denne flassar mykje, men ein treng ikkje ta heile høgda på veggene. Det er nok å begynne på halve høgda av alle vindauge. Golvet, særleg fremst i kyrkja er svært malingsslite. Gongane utanfor dåpssakresti og prestesakresti er slitne, spesielt dører og dørkarmar. Dører og karmer inne i prestesakresti er slitne og bør målast. Målingsflikking: På talerstol og andre plasser. Sitjebenkane har merke etter tape som vart klistra på under Corona-tida. Neteland føreslo å invistera i sitjeputer i alle benker for å skjula dei stygge merka. Dette er den enklaste, men dyraste måten å fiksa det på. I Jondal kyrkje er dette gjort. Men i tillegg har dei måla deler av benkene for å få ein finare

heilheit over det. Det blir særstakt utfordrande, både økonomisk og ift arbeidsressursar, dersom me skal ha gjort alt dette arbeidet før jubileet. Dersom soknerådet ynskjer det, kan me ha dette som sak på eit møte og drøfta saka vidare. Soknerådet bør ha ei synfaring i kyrkja og sjå på kva som må gjerast, og gjerne setja opp ei prioriteringsliste over det mest nødvendige arbeidet først.

Vedtak: Soknerådet tek framlagde meldingar til vitande.

11/25: **Evaluering av konfirmantjubileumsfest og sundagsskulen sin julefest.**
Det er komne positive tilbakemeldingar på begge tilstellingane.

Vedtak: Soknerådet vil fortsetja og arrangerer begge tilstellingane. I år vil me prøva å få til konfirmatjubileumsfesten 14. september, og ha den samtidig med presentasjonen av årets nye konfirmantar. Julefesten vert som ført, i byrjinga av det nye året.

12/25: **Evaluering av gudsteneste, nyårsafta. (25 menneske)**

Vedtak: Som eit prøveprosjekt, så let me den utgå i 2025. Så anbefaler me at gudstenesta i Vikøy kyrkje vert framskunda til kl. 16.00, og at me oppmodar folk i Strandebarm til å reisa dit.

Sak 13/25. **Gudsteneste på Åse 01.06.25.**

Vedtak: Framlegg til vedtak vart godkjent med denne tilføyingen: Me må avtala med kyrkjeverje at kyrkjetenar kan arbeida denne helga og ta seg av alt det praktiske.

Sak 14/25: **Konfirmasjonsfest 12.03.**

Årets konfirmasjonsfest er framskunda til 12.03.25.

Vedtak: Etter ein del diskusjon, vart vedtaket slik: Alle får servert lasagne med tilbehør, Renate og Jorunn ordnar dette. Konfirmantane får is til dessert, og det vert laga ei stor sjokolade-langpannekake som ein smak til kaffien etter måltidet. Soknerådet hjelper til å rydda på plass mm på onsdag. Tor-Håkon vert spurt om å leia festen.

Sak 15/25: **Kyrkejubileumsnemnd. Mandat.**

Vedtak: Framlegg til vedtak vart godkjent med denne tilføyingen. «Soknerådet vil koma tilbake med økonomisk ramme til jubileumsfesten på eit seinare tidspunkt, etter å ha konferert med rekneskapsansvarlig.»

Sak 16/25: Godkjenning av lystenning i kyrkja ved dåp.

Vedtak: Forslag til vedtak vert godkjent.

Sak 09/25: Tårnagenthelg 29.03.25.

Vedtak: Framlegg til vedtak vert godkjent, og Renate tek på seg den oppgåva.

Sak 19/25: Eventuelt.

- Rekneskap for kyrkjelydshuset.

Vedtak: Utsett til eit seinare møte.

- **Betalingssum til Knut Inge Røen-** kr. 4.000,- (songkvelden 16.mars), Kor mykje annonsering? Avisa, plakatar....

Vedtak: Knut Inge Røen får kr. 4000,- for oppdraget sitt den 16.03. Vi spør også om ikkje Inger Karin kan laga plakat og setja det inn i avis mm.

- **Refunderte utgifter til kopiering?**
Skrivaren på kyrkjekontoret er gammal og fungerer av og til dårleg, så leiar må gjera kopieringsarbeid heime. Kan ho få godtgjort for dette.

Vedtak: Soknerådet ber kyrkjeverje om å innhenta tilbud på ein ny laserskrivar.

Ref.

Jorunn B. Lillefosse